



Møtebok

Sak nr 40/2009

Møtedato: 9.9.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Fastsetting av sakliste til fjellstyremøte og utsending av møtepapir

Det siste året har det vorte praktisert at styreleiar og nestleiar har fastsett sakliste saman med dagleg leiar under eit eige møte ca. ei veke før styremøte.

Styreleiar tok opp om denne praksisen var tilfredstillande. Ingen av medlemmene hadde merknader til at styreleiar og dagleg leiar hadde slikt møte, men to medlemmer var i tvil om det var rett at nestleiar deltok på møta. Dei oppfatta dette som at styremedlema var ulikt orientert om sakene før møtet. Styreleiar meinte det var ein stor fordel at nestleiar var med på møtene, og gi administrasjon tilbakemelding om ting som burde undersøkast nærmare før møtet.

Administrasjon opplyste at det kunne vera mulig å laga til interne nettsider med passord/brukarnamn og at saker kunne bli lagt ut etter kvart. På denne måten kunne alle medlemmer vera orientert om sakene likt. Pr i dag har vi ikkje klar slik løysing, men vi kunne løyse dette ved at alle medlemmer vore tilgjengelege via e-post og at saker vart sendt ut etter kvart. Dette gjeld også informasjon som kjem til fjellstyret mellom møta.

Det kom signal om at møtesaker bør ut tidlegare enn no. Dette betyr at ein må fastsetja sakliste to veker før styremøte. Dette betyr at det ikkje blir like god service til "kundane" våre, erfaring syner at mange saker kjem mellom ein og to veker før styremøta. Eit alternativ er at alle medlemmer er tilgjengeleg på e-post, slik at ein spararar eit par dagar med posten.

Saka var diskutert i møte i mars og det vart ikkje gjort konklusjon i saka, men ein var samde om å ta opp problemstillinga på eit seinare møte.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å halde fram med noverande praksis for førebuing og utsending av saksdokument.

Einstemming vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.4.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: